

Rammeverk for opplæring

LÆRINGSMILJØ



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

Forskrift om ordensreglement for vidaregåande skolar i Rogaland fylkeskommune

Versjon 3.1

Sist endra: August 2020

Godkjent av:	Fylkestinget	Gyldig frå:	11. juni 2019
Ansvarleg saksbehandlar:	trine.andresen@rogfk.no		
Grunnlagsdokument: (Lover og forskrifter, politiske vedtak, planar, vegleiarar, brev, rundskriv, med meir.)	Lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) Forskrift til opplæringslova Udir-3-2016 Udir-8-2014 Fylkestinget sak 53/2019, 132/2019		
Andre relevante dokument:	<ul style="list-style-type: none">- Retningslinjer for håndtering av fravær- Handlingsplan for psykisk helse- Søknad om velferdspermisjon med unntak fra fraværgrensen- Rutinedokument for å sikre elevene et trygt og godt skolemiljø - opplæringsloven kapittel 9A- Prosedyrer ved rusmistanke hos elever		
Innhald i reglementet:	Kapittel 1: Formål og verkeområde Kapittel 2: Reglar for orden og åtferd Kapittel 3: Verkemiddel og sanksjonar ved brot på reglane Kapittel 4: Saksbehandlingsreglar		

Innleiing

Ordensreglement er forskrift med heimel i opplæringslova § 9A-10.

Alle dei fylkeskommunale skolane i Rogaland fylkeskommune pliktar å følgje dette reglement. Rektor har ikkje mynde til å fastsetje særreglar for eigen skole.

Ordensreglementet regulerer elevane sine rettar og plikter på skolen, så lenge desse ikkje er fastsett i lov eller på annan måte. Reglementet inneheld felles reglar for orden og åtferd for elevane, reglar om kva for verkemiddel og sanksjonar som kan bli brukte mot elevar som bryt reglane, og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast (saksbehandlingsreglar).

Ordensreglementet gjeld også for vaksenopplæringssentra og skolane som tilbyr vidaregåande opplæring for vaksne så langt det passer.

Ordensreglementet ligg føre i nynorsk- og bokmålsutgåve.

Kapittel 1: Formål og verkeområde

1.1 Formål

Alle elevar skal oppleve eit skolemiljø der dei har det trygt og godt, og der dei har lyst til å lære. I «*Overordnet del av læreplanverket -verdier og prinsipper i grunnopplæringen*» blir det understreka at skolen har eit dobbelt oppdrag, elevane si utdanning og danning. Orden og åtfærd er ein naturleg del av skolen sitt dannelsingsoppdrag og skal medverke til å utvikle god dømmekraft hos den enkelte.

Formålet med ordensreglementet er å tydeleggjere kva for normer det er forventa at elevane opptre i samsvar med. Ordensreglementet skal medverke til å fremje ein skolekultur som er prega av godt samarbeid, tryggleik, trivsel og respekt mellom elevane, og mellom elevane og dei tilsette på skolane.

1.2 Verkeområde

Reglementet gjeld den orden og åtfærd ein viser som elev. Reglementet gjeld på skolens område, i skolens nærområde i skoletida, på skolens læringsplattformer, på skolevegen og ved aktivitetar i skolens regi.

Reglementet kan også gjelde for andre forhold som har klar samanheng med skolegangen. Om reglementet gjer seg gjeldande i slike situasjonar, vil avhenge av ei konkret vurdering av dette. Til dømes kan dette vere aktuelt ved misbruk av sosiale media i forhold til elevar og tilsette.

Kapittel 2: Reglar for orden og åtfærd

2.1 Generelt

Formålet med reglane i orden og i åtfærd er å medverke til elevens sosialiseringssprosess og skape eit godt psykososialt skolemiljø.¹

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtfærd er knytt til i kva for grad eleven opptre i tråd med ordensreglementet.² Skolen kan ikkje setje ned elevens karakter i orden eller i åtfærd dersom forholdet ikkje er regulert i ordensreglementet. Det skal vere kjent for eleven kva som blir vektlagd i vurderingane av orden og åtfærd.³

Karakterane i orden og i åtfærd er *God*, *Nokså god* og *Lite god*.⁴ Eleven får vurdering med karakter kvart halvår. Ved avslutninga av opplæringa skal eleven ha standpunktkarakter.⁵ Det er klagerett på standpunktkarakter i orden og i åtfærd, men ikkje på halvårsvurderinga.⁶

¹ Jf. forskrift til opplæringslova § 3-4

² Jf. forskrift til opplæringslova § 3-4

³ Jf. forskrift til opplæringslova § 3-4

⁴ Jf. forskrift til opplæringslova § 3-6

⁵ Jf. forskrift til opplæringslova § 3-16

⁶ Jf. forskrift til opplæringslova § 5-1

2.2 Reglar for orden

Reglane for orden handlar om førebuing, arbeidsvanar og arbeidsinnsats. Eleven skal ha god orden. Det er god orden å:

- Møte presis til undervisninga. Dersom ein elev kjem meir enn 15 minutt for seint til ein time, vert dette normalt rekna som ein times fråvær. [Sjå retningslinjer for håndtering av fråvær for nærmere forklaring](#). Fråvær skal varslast.
- Ha med nødvendige læremiddel og utstyr.
- Delta i undervisninga - utføre arbeid og følgje instruksar gitt av lærarar og skoleleiinga.
- Bruke påbode verneutstyr og elles følgje gjeldande reglar for helse, miljø og tryggleik i Rogaland fylkeskommune.

2.3 Reglar for åtferd

Ordensreglementet skal medverke til å fremje ein skolekultur som er prega av godt samarbeid, tryggleik, trivsel og respekt mellom elevane, og mellom elevane og dei tilsette på skolane.

Ønska åtferd:

- Vere høflege og vise respekt for kvarandre
- Vise respekt for skolens og andre sine eigedelar
- Ta vare på kvarandre og ha forståing for at vi alle er ulike
- Be om lov før ein fotograferer eller filmar elevar eller tilsette

Ikkje ønska åtferd:

- Mobbe eller på andre måtar krenkje andre fysisk, verbalt eller digitalt
- Vere valdeleg eller komme med truslar
- Røyke, snuse, bruke e-sigarettar eller vere påverka av rusgift
- Bringe med seg, kjøpe eller selje rusgift
- Ha med seg farlege gjenstandar eller våpen
- Fuske eller forsøke å fuske i vurderingssituasjonar

Se verkeområdet for reglane i punkt 1.2.

Kapittel 3: Verkemiddel og sanksjonar ved brot på reglane

3.1 Generelt

Ved brot på reglane for orden og åtferd kan skolen bruke ulike verkemiddel og sanksjonar. Følgjande verkemiddel kan brukast:

- Merknad
- Munnleg og/eller skriftleg oppfølging

Følgjande sanksjonar kan bli brukte:

- Avgrensa tilgang til eller utestenging frå skolens IKT-ressursar/nettverk eller opplæringslokale for ein gitt periode og omfang i tid
- Inndraging av gjenstandar
- Klassebytte
- Skolebytte
- Nedsett karakter i orden eller i åtferd
- Bortvising

3.1.1 Spesielt om bortvising⁷

Ut frå av situasjonen kan bortvising frå opplæringa vere aktuelt i ulikt omfang:

- Bortvising frå opplæringsøkta, avgrensa oppover til to klokketimar
- Bortvising for resten av dagen eller opp til fem dagar, dette punktet omfattar også bortvising frå pågåande skoletur eller annan aktivitet i skolens regi
- Bortvising for resten av skoleåret

Det er ikkje høve til å vise bort ein elev frå en planlagd skoletur. Det vil seie at ein elev ikkje kan risikere å gå glipp av aktivitetar som skolen arrangerer på bakgrunn av noko eleven har gjort i forkant av, og uavhengig av aktiviteten.⁸

Å bli vist bort tel på fráværsgrensa, [sjå retningslinjer for håndtering av fravær](#).

3.2 Bruk av verkemiddel og sanksjonar

3.2.1 Bruk av verkemiddel

Skolen kan bruke merknader som eit verktøy for å føre oversikt over korleis elevane ter seg i høve til reglane i orden og åtferd. Eleven skal bli informert om dette.

Munnleg og/eller skriftleg oppfølging skal brukast etter skjønn.

3.2.2 Bruk av sanksjonar

Avgrensa tilgang til eller utestenging frå skolens IKT-ressursar/nettverk eller opplæringslokale for ein gitt periode og omfang i tid: Dette skal brukast etter skjønn.

Inndraging av gjenstandar: Skolen kan inndra gjenstandar slik det er nemnt i reglane for åtferd, sjå punkt 2.3. Dette gjeld også mobil/kamera. Ved inndraging skal gjenstandane

⁷ Jf. opplæringslova § 9A-11

⁸ Jf. Udir-8-2014 punkt 9.2

bli leverte tilbake til eleven eller til dei føresette til eleven (dersom eleven er under 18 år) etter at skoledagen er over. Ulovlege gjenstandar skal leverast til politiet.

Klassebytte: Eit klassebytte vil som regel bli opplevd svært inngripande for eleven. Denne sanksjonen bør først og fremst bli brukt ved alvorleg mobbing/trakassering.

Skolebytte: Å bli flytta til ein annan skole vil bli opplevd som svært inngripande for eleven. Skolebytte kan berre brukast som ein sanksjon dersom eleven ved gjentakande/fleire høve og på ein alvorleg måte har mobba andre.

Nedsett karakter i orden eller i åtferd: Fusk eller forsøk på fusk kan bli sanksjonert med nedsett karakter i åtferd. Særlege klanderverdige eller grove einskild hendingar (til dømes grov vald eller alvorleg trakassering) skal til vanlig bli sanksjonert med nedsett karakter i orden eller i åtferd. Skolene må her bruke skjønn.

Bortvising: Bortvising opp til fem dagar, omfattar også bortvising frå pågåande skoletur eller annan aktivitet i skolens regi, kan bli brukt ved gjentatte eller alvorlege brot på ordensreglementet. Bortvisinga skal stå i forhold til det/dei aktuelle regelbrota. Skolene må her bruke skjønn.

Det vert med dette understreka at bortvising er ein sanksjon som medfører at eleven mister opplæring, og at denne sanksjonen derfor skal bli nytta med omtanke. Bortvising for resten av skoleåret kan bli nytta dersom brota er særleg alvorlege.

Kapittel 4: Saksbehandlingsreglar

4.1 Generelt

Før skolen brukar ein sanksjon skal eleven det gjeld få høve til å uttale seg munnleg om saka til den som bestemmer om sanksjonen skal tas i bruk.⁹

Skolen skal dokumentere skriftleg kva for verkemiddel eller sanksjoner som er tatt i bruk overfor ein elev. Dersom eleven er under 18 år, bør skolen informere dei føresette til eleven om hendinga og verkemiddelet/sanksjonen(e) som er brukt.

4.2 Kven har mynde til å ta i bruk de ulike verkemidla og sanksjonane?

Både rektor og lærarar har mynde til å bruke følgjande verkemiddel/sanksjonar:

- Merknad
- Munnleg og/eller skriftleg oppfølging
- Avgrensa tilgang til eller utestenging frå skolens IKT-ressursar/nettverk eller opplæringslokale for ein gitt periode og omfang i tid
- Inndraging av gjenstandar

Det er kun rektor som har mynde til å bruke klassebytte og nedsett karakter i orden eller i åtferd som sanksjon.

⁹ Jf. opplæringslova § 9A-10 tredje ledd

Det er fylkesdirektøren for opplæring som har mynde til å vedta skolebyte. Dersom rektor ønsker å bruke denne sanksjonen, må rektor kontakte fylkesdirektøren. Fylkesdirektøren bestemmer kva for skole det er aktuelt å flytte eleven til.

4.2.1 Spesielt om bortvising¹⁰

- Bortvising for resten av opplæringsøkta, avgrensa oppover til to klokkeimar: Rektor har mynde til å bruke denne sanksjonen, etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Rektor kan delegere myndet om bruk av denne sanksjonen til lærarane.
- Bortvising for resten av dagen eller opp til fem dagar, som også omfattar bortvising frå pågåande skoletur eller annan aktivitet i skolens regi: Det er kun rektor som har mynde til å bruke denne sanksjonen, etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Myndet kan ikkje delegerast til lærarane.
- Bortvising for resten av skoleåret: Det er kun fylkesdirektøren for opplæring som har mynde til å bruke denne sanksjonen.

4.3 Sanksjonar som krev enkeltvedtak

Bruk av disse sanksjonane krev at skolen gjer eit enkeltvedtak¹¹:

- Nedsett karakter i orden eller i åtferd
- Skolebyte
- Bortvising for resten av dagen eller opp til fem dagar, gjeld også for bortvising frå pågåande skoletur eller annan aktivitet i skolens regi¹²
- Bortvising for resten av skoleåret

Bortvising frå opplæringsøkta (avgrensa oppover til to klokkeimar) er ikkje å rekne som eit enkeltvedtak.¹³

Reglane i forvaltningslova kapittel IV-VI gjeld i saker der det vert gjort enkeltvedtak. Dette medfører mellom anna at eleven eller dei føresette til eleven (dersom eleven er under 18 år) må varslast på førehand før enkeltvedtaket vert gjort, og at det er klagerett på vedtaket.¹⁴

4.3.1 Spesielt om nedsett karakter i orden eller i åtferd

Dersom skolen skal bruke nedsett karakter i orden eller i åtferd som ein sanksjon i tråd med reglane i ordensreglementet (sjå punkt 3.2.2), vil ikkje eleven ha høve til å forbetre karakteren sin. Varsel etter forskrift til opplæringslova § 3-8 vil derfor ikkje vere relevant i denne samanhengen.¹⁵ Eleven og/eller dei føresette til eleven (dersom eleven er under 18 år) skal likevel varslast på førehand om vedtaket.¹⁶ Dette for at eleven skal få høve til å uttale seg om forholdet/saka.

¹⁰ Jf. opplæringslova § 9A-11 tredje ledd

¹¹ Jf. forvaltningslova § 2

¹² Jf. Udir-8-2014 punkt 9.2

¹³ Jf. Udir-8-2014 punkt 10

¹⁴ Jf. forvaltningslova §§ 16 og 28

¹⁵ Jf. forskrift til opplæringslova § 3-8

¹⁶ Jf. forvaltningslova § 16

Når nedsett karakter i orden eller i åtferd blir brukt som ein sanksjon må enkeltvedtaket bli gjort i rimeleg tid etter at regelbrotet er utført.

4.3.2 Spesielt om skolebyte

Opplæringslova § 9A-12 har eigne saksbehandlingsreglar for skolebyte. Før det blir fatta vedtak om skolebyte, skal skolen først vurdere om andre og mindre inngrepande tiltak kan avhjelpe situasjonen. Dersom andre tiltak enn skolebyte kan redusere alvorsgraden i situasjonen slik at det ikkje i alvorleg grad går ut over tryggleik eller læring for medelevar, skal ikkje skolebyte skje.

Dersom skolebyte er vurdert som riktig sanksjon, har eleven krav på å få fortsetje med det utdanningsprogrammet og programområdet han/ho har starta på. Skolebyte kan heller ikkje skje dersom å byte skole medfører at eleven må flytte heimanfrå, eller det ikkje finns forsvarleg skysstordning til den nye skolen.

4.3.3 Spesielt om bortvising

Før det bli gjort eit vedtak om bortvising skal skolen vurdere andre tiltak.¹⁷ Det må gå fram av enkeltvedtaket kva for andre tiltak som er vurderte, og kvifor skolen bruker bortvising som sanksjon i staden for andre tiltak.

På grunn av tidsperspektivet ved bortvising (spesielt når bortvisinga gjeld resten av dagen) vil det ikkje vere råd å varsle eleven eller eleven sine føresette på førehand om vedtaket. Eleven eller dei føresette til eleven (dersom eleven er under 18 år) må likevel bli orienterte om vedtaket når dette vert iverksett.

For at klageretten skal vere reell, må eleven eller eleven sine føresette få høve til å framsetje ein eventuell klage munnleg. Klagen kan til dømes framsetjast over telefon. Skolen må då ta i mot klagen og gjere den om til eit skriftleg dokument.¹⁸

4.4 Straffbare forhold

Dersom ein elev gjer noko eit mulig straffbart forhold i skoletida skal rektor ta kontakt med fylkesadvokaten for å vurdere om saken skal meldast.

4.5 Spørsmål om erstatning på grunn av regelbrot

Ved brot på ordensreglementet som fører til skade på skolens eigendom eller eigedelar, kan eleven bli erstatningspliktig. Reglane for erstatning er regulert i skadeerstatningslova.

Dersom skaden(e) eleven har påført skolens eigendom eller eigedelar kan rettast opp av eleven sjølv, vil eleven få tilbod om å gjere dette før skolen eventuelt fremmer eit erstatningskrav. Dette er aktuelt når eleven kan rette opp skaden(e) ved å rydde opp, vaske opp, fjerne påført tagging og liknande.

¹⁷ Jf. opplæringslova § 9A-11 fjerde ledd

¹⁸ Jf. forvaltningsloven § 32